



Hlt Advokatfirma As
Øvre Kråkenes 17
5152 BØNES

Referanser:
Dykker:
Vår: 23/1422 - 23/21791

Saksbehandlar:
Andreas Sylta
andreas.sylta@osteroy.kommune.no

Dato:
02.10.2023

Svar på førespurnad om problem med overvatn i området Fossåsen/Åsen/Reigstadvegen

Osterøy kommune syner til skriv frå dykk om ovannemnde datert 9. mai 2023 og 28. august 2023.

Kommunen har vurdert førespurnaden om samarbeid og økonomisk engasjement i saka, men finn ikkje å imøtekome denne. Dette er ei vurdering kommunen har gjort som veigeigar og ikkje som tilsynsmynde etter plan- og bygningslova.

Det er rett at kommunen opplever nokre utfordringar med overvatn i den kommunale vegen. Årsakene til dette vert vurdert å vere privatrettsleg. Kommunens interesse i saka er at vatnet vert leda bort på ei høveleg måte, og ein oppmodar partane om å finne ei tenleg løysing for dette. Kommunen ser ikkje grunnlag for å involvera seg i konflikten mellom dei eigedomar HLT Advokatfirma representerer og evt. andre ansvarlege.

Vidare er det frå dykker partar si side oppmoda om at kommunen følgjer opp saka som tilsynsmynde etter plan- og bygningslova og/eller veglova. Dykker skriv av 9. mai 2023 vil bli registrert som ei eiga sak om dette. Denne førespurnaden vil bli følgt opp av kommunen innanfor dei ressursar og prioriteringar kommunen generelt har tilgjengeleg.

Med helsing

Arnstein Øvsthus
kommunalsjef

Andreas Sylta
driftsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

